Nr. 800 a.

På lager hos
SEM & STENERSEN %. OSLO
2–42.

3089 46
Til innhefting i panteboki.

44.

# Skyldskifte.

Laurdag den 16. november 1946 heldt me underskrivne, som lensmannen hev nemnt opp, skyldskifte på garden Midtgård g.nr. 13 b.nr. 3 med skyld mark 3.38 i Hamre herad. Skyldskifte er kravt av Konrad Midtgård som hev grunnboksheimel til den eigedomen skyldskiftet gjeld¹).

Menns-oppnemningsbrevet fylgjer. Alle mennene hev gjeve skynsmannslovnad, so nær som²) Birger Myklr

Ved tenesta møtte³) Sam selgjar: Konrad Midtgård
Sam kjøpar: Ingolf Nystrand
Ein fann det uturvande å varsla andre.

Mennene valde til formann Ragnvald Leiknes

Den fråskilde lut en av garden hev desse

grensone: ⁴)

Parsellen ligg i utmarka og
1. skiftelina tek til ved nedsett
vinkelmerkestein med vitner att-
med Prestvegen og går i nord-
austleg retning med bruksnr. 28
på nordre og parsellen på mot-
sett sida 20.70 til + i berg. Der bøyer
lina å meir austleg 43.30 m.

---

1) Skyldskifte kann ikkje godtakast til tinglysing utan den som krev tenesta anten hev grunnboksheimel eller hev dom for at han eig den luten av eigedomen som han vil ha fråskilt (§ 1 i skylddelingslovi).

2) Hev nokon av mennene ikkje gjeve slik lovnad som er nemnd i § 20 i lov nr. 1 fra 1/6 1917, skal han skriva under ei utsegn med etternemnde ordlyd fyrr tenesta vert haldi, og utsegni skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftet: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera mi teneste som skynsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den 19 N. N.»

3) Dersom nokon av grannane eller av dei partane skyldskiftet vedkjem, ikkje møter, må ein her opplysa um det er prova at dei hev fenge varsel, eller når det gjeld grannane, om det er rekna for uturvande å varsla dei (§§ 2 og 8 i skylddelingslovi).

4) Sjå §§ 3 og 8 i skylddelingslovi. Grensorne mot granne-eigedomar skal ein ikkje skriva opp, dersom eigaren ikkje er til stades og samtykkjer i det som vert skrive. Skal mennene etter krav frå partane fastsetja sjølve markeskilet, samstundes med at dei sett i skyld (§ 7 i lovi), må dei her nemna det som trengst om det og. Det må ikkje stiftast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimelen til den eigedomen heftet skal liggja på (§ 5 i lovi).

til + i berg og går vidare
i same retning 7.50 m. til
sjøen. Der ender lina og
2. skifteslina går i sudleg retning langs Sjøstranda 75.20 m.
med + i berg 12.20 m. over flodmål. Der ender lina og
3. skifteslina går frå sjøen i
vestleg retning 12.20 m. til + i
berg og vidare i same retning 29.20 m. til nedsett vinkel-
merkestein med vitner, med
bruksnr. 4 på sørs og parsellen
på motsett side. Der ender
lina og
4. skifteslina går langs Prest-
vegen 74.60 m. til 1. lina sitt
utgangspunkt.

Det areal som ligg innanfor dei her beskrivne grenser
utgjer den fråskilde parsel.

1. Er det jordbruk og skog i den eigedomen som vert bytt? Nei

2. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, so mykje skog som trengst til hus-berging og gards-tarv? Nei

3. Er det jordbruk med fjellvidd — med det er og meint fjell-vatn, elvar og bekkjer — med i den eigedomen som vert bytt? Nei

4. Fær kvart jordbruk, som kjem fram etter skiftet, so mykje fjellvidd som trengst for bruket? Nei

Vert det svara ja på spursmål 1 og nei på spursmål 2, eller ja på spursmål 3 og nei på spursmål 4, so lyt ein dessutan svara på dei spursmåli som no kjem:

5. Hev heradsstyret samtykt i skyldskiftet?

6. Eller held skyldskiftemennene det for greidt at den frå-skilde luten er etla til å dyrkast eller til byggetuft, veg, industriverk eller til andre dilike fyremål? Byggetuft.

7. Eller vert eigedomen bytt etter § 14 i lov om odels- og åsætesretten frå 26. juni 1821? X

*Me vitnar:*

a) At det ikkje med skiftet er skapt noko nytt hopehav. ~~Likevel hev me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarki på den måten, at~~

~~me di me hev funne vidare utbyting gagnlaus.¹)~~

b) At kvart bruk hev fenge so laglegt skap for verning og nytting som det er høve til.

Skyldi på de*n* fråskilde lut*en* vart sett til 2 øre

Attverande skyld på hovudbølet er 3.38 mrk.

De*n* fråskilde lut*en* fekk bruksnamnet²) Takselshaugen

Kostnaden med å halda og tinglysa skyldskiftet ber:³)
kjøparen

¹) Det som ikkje høver, stryk ein.
²) Til bruksnamn må ikkje i noko tilfelle takast namn som alt vert nytta til slektsnamn, utan namnet høyrer til dei som er heller vanlege (sm. lov frå ⁹/₂ 1923 nr. 2, § 21).
³) Dersom det ikkje er opplyst eller nokon part segjer, at det er gjort avtale um kven som skal bera kostnaden med skyldskiftet skal mennene her taka inn avgjerd om korleis partane skal byta kostnaden seg-imillom.

Partane fekk opplysing om at dersom dei er misnøgde med den skyldi som her er sett eller med det markeskil som er fastslege, kann dei anka skyldskiftet til overskyn, men at ankeutsegn då lyt vera komi til sorenskrivaren innan tri månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar, at me hev gjort tenesta etter beste skyn og overtyding og etter den skynsmanns-lovnad me hev gjeve.

Me hev fastsett, at Sverre Kvamme
skal syta for å få flidd (sendt) skyldskiftet til sorenskrivaren til tinglysing.

Sverre Kvamme Ragnvald Leiknes
Birger Myhr.

Godteke til tinglysing 25 nov. 1946
Fr sorenskriveren
Thiske

Tinglyst på

Den fråskilde lut hev fenge g.nr. 13 b.nr. 31

For tinglysingi kr.

**Sverre Solberg**

---

**Til:** Helge Roy Haugland
**Emne:** SV: Sender e-post: 196-140 Grk 500

Hei og god føremiddag !

Då sender eg papira eg fekk frå deg + kartet eg laga til deg åt Dokumentsenteret i kommunen.
Slik at dei får oppretta sak på det og tildela det eit saksnummer i 2021.

Mvh.

Sverre Solberg | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling
Telefon: 56 37 56 21 / 977 36 578
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----
Fra: Helge Roy Haugland <helgeroyhaugland@hotmail.com>
Sendt: onsdag 3. mars 2021 14:53
Til: Sverre Solberg <sverre.solberg@alver.kommune.no>
Emne: Re: Sender e-post: 196-140 Grk 500

Sånn var det jeg tenkte det ja

Sendt fra min iPhone

> 3. mar. 2021 kl. 14:42 skrev Helge Roy Haugland <helgeroyhaugland@hotmail.com>:
>
> Hei det var sånn jeg tenktebdet ja .
> Hilsen Helge Roy Haugland
> Sendt fra min iPhone
>
>> 3. mar. 2021 kl. 14:25 skrev Sverre Solberg <sverre.solberg@alver.kommune.no>:
>>
>>
>> Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:
>>
>> 196-140 Grk 500
>>
>> <196-140 Grk 500.pdf>

## Sverre Solberg

| | |
|---|---|
| **Fra:** | Helge Roy Haugland <helgeroyhaugland@hotmail.com> |
| **Sendt:** | onsdag 3. mars 2021 14:43 |
| **Til:** | Sverre Solberg |
| **Kopi:** | Helge Roy Haugland |
| **Emne:** | Re: Sender e-post: 196-140 Grk 500 |

Hei det var sånn jeg tenktebdet ja .
Hilsen Helge Roy Haugland
Sendt fra min iPhone

> 3. mar. 2021 kl. 14:25 skrev Sverre Solberg <sverre.solberg@alver.kommune.no>:
>
>
> Meldingen er klar til å sendes med følgende fil- eller koblingsvedlegg:
>
> 196-140 Grk 500
>
> <196-140 Grk 500.pdf>